

Diakoniplan for Breim kyrkjelyd 2023 - 2027

Planen er utarbeida med bakgrunn i «Plan for diakoni i Den Norske Kyrkja» hefte utgjeve av Kyrkjerådet. Planen er tilpassa dei lokale tilhøva i Breim sokn.

Kva er diakoni?

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Visjon:

«Formidle Guds kjærleik til alle menneske gjennom ord og handling»

Med dette som utgangspunkt ser vi på diakoni som all teneste til beste for våre medmenneske. Diakoni er ein integrert del av kyrkja sitt vesen og oppdrag, og er ein dimensjon som er til stades i alt kyrkja er og gjer. I denne planen nemner vi både det arbeidet som er i gong og tiltak som vi meiner er aktuelle å arbeide vidare med/utvikle framover. Heilskapstenking, tilgang på menneskelege resursar, samarbeid mellom dei tilsette, samarbeid mellom dei tilsette og sokneråda og vidare samarbeid med dei ulike utvala og andre frivillige er nøkkelen til å oppnå ei god utvikling i diakoniarbeidet og i kyrkjelyden vår.

	Arbeid som er i gong. (Ansvarleg)	Målsetnad	Kva ein bør arbeide vidare med. (Ansvarleg for å følgje opp)
1	<p><u>Nestekjærleik og inkluderande fellesskap</u></p> <p>Tiltak for alle:</p> <ul style="list-style-type: none">-Kyrkjekaffi. (Soknerådet)-Få med fleire medliturgar og andre frivillige medarbeidarar i gudstenester og andre kyrkjelege arrangement.(Soknerådet)-Dugnad på kyrkjegard og i kyrkja. (Soknerådet) <p>-Tilbod i ulike livskriser- sjukdom-sjelesorg-sorgarbeid- besøksteneste (Prest og diakon)</p> <p>Gudsteneste helgemessesøndag (Prest, diakon og soknerådet)</p> <p>-Årleg inspirasjonssamling for frivillige og andre interesserte i alle sokna (diakon mfl.)</p>	<p>Omsorg og fellesskapsbygging i kyrkjelyden.</p> <p>Inkluderande gudstenestefellesskap.</p> <p>Kyrkjelydsbyggjande arbeid.</p> <p>Inspirere til diakoniteneste, gje noko tilbake til frivillige</p>	<p>Bevisstgjere kyrkjelyden om diakoni; fokus på diakoni i forkynninga, forbøn og salmar. (Prest, diakon mfl.)</p> <p>Årleg kyrkjelydstur, alle sokna (stab og sokneråd)</p> <p>Opplæring av kyrkjevertar/medliturgar/frivillige (Sokneråd og prest)</p> <p>- Informasjon om tilbod i livskriser. (Prest og diakon)</p> <p>- Sorggrupper (diakon)</p> <p>- Opprette samtalegruppe/ bibelgruppe / temakveldar med samtale (Prest, diakon og soknerådet)</p>

	<p>Tiltak særskilt for barn og unge:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utdeling av bok for 4 og 6- åringar - Tårnagent - Lys Vaken - Babysong - Småbarnssong - Konfirmantarbeid - Ope hus <p>(Prest, trusopplærarar, soknerådet v/trusopplæringsutval)</p> <p>-misjonsgudsteneste (soknerådet)</p>	<p>Auka bibelkunnskap og kjennskap til kyrkja.</p> <p>Omsorg og fellesskapsbygging.</p>	<p>Meir fokus på diakoni i trusopplæringa. (Prest, trusopplærarar og soknerådet v/ trusopplæringsutval og diakoninemnd)</p> <p>Årleg fellessamling for soknerådet, trusopplæringsutvalet, diakoninemnda og tilsette. (Soknerådet)</p>
	<p>Tiltak særskilt for eldre:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Adventsmøte og påskemøte på Retunet og Byrkjelotunet. (Diakon og diakoniansvarleg) -Nattverdsgudstenester på Retunet og Byrkjelotunet. (Prest og diakon) -Eldregudsteneste. (Prest, diakon og diakoniansvarleg) 	<p>Omsorg og fellesskapsbygging.</p>	<p>Auka besøksteneste for einslege heimebuande eldre og andre som ynskjer meir sosial kontakt. (Prest og diakoni)</p>
2.	<p>Kamp for rettferd</p> <p>Tiltak for alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Misjon og innsamling av pengar til ulike hjelpeprosjekt i regi av NMS. -Misjonsgudsteneste. (Prest, ekstern frå NMS, evt. diakon, og soknerådet) -Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt (Soknerådet) -Fasteaksjonen (Soknerådet og konfirmantane) -Offer til andre hjelpeorganisasjonar. (Soknerådet) 	<p>Bevisstgjere kyrkjelyden om kyrkja sitt misjonsoppdrag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - dele den kristne trua - kampen mot urett og fattigdom 	
3.	<p>Vern om naturen</p> <p>Tiltak for alle</p> <ul style="list-style-type: none"> -Friluft/støylsgudsteneste (Prest, diakon og sokneråd) 	<ul style="list-style-type: none"> - Prising av skaparverket - Fokus på miljø og klima, livsstil 	

**Planen er revidert av diakoniansvarleg Venke Kollbotn og Ingebjørg Isane Fure, diakon.
Vedteken av Breim sokneråd 06.09.2023**